
Fra: ARNE KJENES <akje3@online.no>
Sendt: 8. august 2017 17:17
Til: Byggesak Lindås
Emne: Re: SV: 17/22045 Om privat veg - gbnr 50/2 Vik

Hei igjen

På kartskissa der det omsøkte Reiskapshuset er innteikna i terrenget og påsett mål, ser ein straks at det vil bli ei gedigen utfordring å samordne dette byggverket med vegen som og er tilkomstveg til 9 hytteeigedomar. Eg fekk opplyst av søkar at vegutfordringa var grunnen til at han var blitt pålagt å nabovarsle desse hytteeigarane og at det var tilstrekkeleg at eg som innehavar av hovudbruket som alle hyttene er skilt ut frå, åleine signerte nabovarslet. At kommentaren/merknaden no blir karakterisert som "eit skriv som handlar om korleis Aslak Wiik skal ta omsyn til privat veg i samband med bygging av reiskapshuset" synest eg er ille. Ja og kva så? Er det ikkje nettopp slike merknader og krav bestemmelsen om nabovarsling opnar for? Ei slett sakshandsaming og ikkje minst ei tilsynelatande mangelfull oppfølging kan ikkje tildekkast på denne måten. Faktum er at kommunen har godkjent eit byggprosjekt med vesentlege manglar. Først tillet ein å plassere Reiskapsbygget sitt eine hjørne på vegalina til nemnde tilkomstvei. Deretter godtar ein at søkar unnlet å opplyse "minste avstand til midten av veg", sjølv om det nettopp er her den store samordningsutfordringa kjem. Eg spør rett ut: Kva mål har kommunen lagt til grunn når ein godkjente søknaden utan å etterspørja kva mål som akulle stå i målruta? Av situasjonsplanen ser det ut til av avstanden er tilnerma null. Det er altså ikkje berre dei 9 hytteeigarane sin nabomerknad som mangla for 1,5 år sidan. Men trass i alle manglar har eg tillit til at kommunen no vil utøva sine lovpålagte tilsyn, kontrollar, pålegg og godkjenningar . Reiskapshuset vil bli ståande der det er. Det er meir usikkert med vegen forbi. No har vi kjørt på pukkdekke i vel eit år. Dette slit både på folk og materiell. Det er ikkje eit privatrettsleg gruslass som trengst oppå pukken. Men eit som er påbudt og lovheimla og instruert av den instansen som har godkjent opplegget. Så får Aslak ta den tida han treng for å oppfylla målsetjinga:" Dersom vegen forbi nybygget må leggast om/justerast, føreset ein at den blir minst like framkommeleg som i dag". Datoen var 14.11.2015.

Vennleg helsing
Arne Kjenes

Mobil: 90090197

Den 08.08.2017 15:14, skrev Byggesak Lindås:

Hei

Du kan senda det, så kan vi sjå om det er relevant for byggesaka.

Knut Bjørnevoll | sakshandsamar byggesak

E-post: byggesak@lindas.kommune.no | Telefon: +47 56 37 51 00
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE

Ved ytterlegare spørsmål, ver venleg å ta kontakt med oss på kundesenteret
tysdag eller torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00 (pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

Fra: ARNE KJENES [<mailto:akje3@online.no>]
Sendt: 8. august 2017 15:10
Til: Knut Bjørnevoll
Emne: Re: 17/22045 Om privat veg - gbnr 50/2 Vik

Hei Knut Bjørnevoll

Eg var akkurat i ferd med å skulle oversende ein del betraktningar omkring denne saka då sendinga frå deg nådde innboksen.
Vil du ha desse betraktningane oversendt eller er du ikkje interessert i å få desse?

Vennleg helsing
Arne Kjenes

Den 08.08.2017 12:11, skrev Knut Bjørnevoll:

Sjå vedlegg

Knut Bjørnevoll | sakshandsamar byggesak
E-post: KBJ@lindas.kommune.no | Telefon: +47 48208870
Kundesenter: +47 56 37 50 00 | Heimeside: www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE

postmottak@lindas.kommune.no for innsending av søknadsdokument

byggesak@lindas.kommune.no for innsending av spørsmål utanom søknad